

Elin er klar med fleire hundre fastelavensbollar.

28.02.2019



Fastelavensbollen høyrer med til maten vi et denne helga.

Fastelavenssundag er knytta til fastetida, tida i kyrkjeåret som går fram til påske. Tida hadde sine matskikkar. Fastelavensbollar er mest kjend og høyrer sundagen til. Uskedalen.no har gjesta Elins Matgleder og vore med henne i førebuingane og baksten av fleire hundre bollar for sal i Rosendal og i Uskedalen.

Alt i dag sende ho 200 bollar med krem til Rosendal. Seinare i dag gjer ho klar ny deig for bruk i Uskedalen i morgon. Då er det ope på Elins Matgleder frå kl. 10 til kl. 17. Grunna mykje arbeid med levering til koldbord, vert det ikkje ope i Uskedalen på laurdag.

Det er ofte spørsmål om ein kan få kjøpa fastelavensbollar utan krem. Det let seg sjølvstg gjera. Det er berre å sei frå så hentar ho fram bollar utan krem.

Hugs opningstida i morgon, fredag, kl. 10 - 17.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Elins Matgleder/Kristian Bringedal



Elin gjer klar den andre deigen som utgjer om lag 180 ferdige bollar.